

ÅRSPLAN 2019/2020



HAUGLAND
GARDSBARNEHAGE

Innhold:

Innleiing	3
Presentasjon av Haugland gardsbarnehage	3
Verdiar i Haugland gardsbarnehage	3
Vår visjon	4
Barnehagen sitt formål	4
Omsorg	4
Leik og læring	4
Vennskap og fellesskap	5
Danning	5
Kommunikasjon og språk	5
Livsmeistring og helse	5
Barns medverknad	6
Satsingsområde og overordna mål	7
Kvalitetsplan for barnehagane i Time kommune 2017-2022	7
Planlegging, dokumentasjon og vurdering	8
Administrativt årshjul	10
Pedagogisk årshjul	10
Progresjon	11
Fagområda	11
Samarbeid med foreldre	13
Oppstart	13
Medverknad og treffpunkt	14
Overgangar	14
Samarbeid med andre	14
Teieplikt og meldeplikt	15

INNLEIING:

Alle barnehagar er gjennom Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar pålagde til å ha ein årsplan. Årsplanen er ein arbeidsplan for alle som arbeidar med barn i barnehagen, og planen skal dokumentera val og grunngevingar til barnehagen sitt arbeid med å omsetja formålet og innhaldet i rammeplanen til den enkelte barnehage. Haugland gardsbarnehage er ein av barnehagane i Time kommune, og me følgjer dermed dei tilboda som me får av kommunen i form av kompetanseheving og satsingsområde. Kvalitetsplanen for barnehagar i Time kommune er ein del av vår langstidsplan.

PRESENTASJON AV HAUGLAND GARDSBARNEHAGE:

Barnehagen er ein privat barnehage eigd av Kathrine Haugland. Barnehagen starta opp i 2000 på Haugland gard, då som familiebarnehage med 2 grupper. I 2004 vart barnehagen ein ordinær barnehage som flytta til midlertidige lokale med auka barnetal. I 2008 stod eit barnehagebygg klar, og barnehagen har sidan den gong vore på om lag 45 barn og ca. 10 årsverk.

Barnehagen er ein gardsbarnehage, og i ordet ligg det visse føringar. Barnehagen brukar garden og miljøet rundt barnehagen som det overordna satsingsfeltet i alle aktivitetar me gjer. Garden er ein ressurs og ein læringsarena. Dagleglivet på garden, inkludert dei som bur på garden, vert ein del av barnehagekvardagen. Når ein går i Haugland gardsbarnehage skal ein merka at ein er i ein gardsbarnehage.

VERDIAR I HAUGLAND GARDSBARNEHAGE:

Me ynskjer å formidla omsorg, respekt, toleranse og anerkjenning for enkeltmennesket. Me ynskjer å formidle respekt og forståelse for dyreliv og naturen rundt oss. Me ynskjer å formidle at du skal vera mot andre som du vil at andre skal vera mot deg.

Me arbeidar ut frå at:

- Alle er likeverdige uansett alder, kjønn, etnisitet og kultur
- Alle er unike
- Alle har krav på respekt og toleranse
- Alle skal bli møtt med omsorg og kjenna seg trygge i barnehagen
- Alle kan noko og betyr noko
- Alle skal få bruke sine evner, møta nye utfordringar og meistre nye ting

Haugland gardsbarnehage og Regionalt matmanifest for Rogaland:

Matmanifestet ynskjer å fremma sunt kosthald basert på lokale råvarer, bidra til god matkultur og måltidsglede. I tillegg skal det skapas forståing for kor maten kjem frå og korleis den vert produsert. Vind, jord, hav og landskap skal verdsetjast høgt. Det er vår kulturarv me skal ivareta. Barnehagen ynskjer å etterkoma verdiane til Matmanifestet gjennom å vera tydelege i bevisste val når det gjeld mat, matproduksjon og berekraftig utvikling.

VÅR VISJON:

Vår visjon er «Små steg – store spor». Denne visjonen gjenspeglar vår måte å arbeida med barn på og på kompetanseheving blant personalet. Me meiner at ved å ta små steg, kan me utretta store ting. Det er viktig å trø varsamt fram ved tileigning av kunnskap, å omgås andre menneske, og ved måloppnåing. Dersom me skal endra praksis, er det viktig å prøva seg forsiktig fram. Det er då lettare å endra kurs om det ikkje går slik som me har tenkt. Dette er det viktig for oss å formidla i relasjonar med barn og vaksne.

BARNEHAGEN SITT FORMÅL:

Lov om barnehagar seier følgjande om barnehagens formål:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverd og natur, på åndsfrihet, nestekjærleik, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.

Barna skal få utfalda si skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremma demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.

OMSORG:

Barn har rett til omsorg og skal verta møtt med omsorg. Personalet har ei yrkesetisk forplikting til å handla omsorgsfullt overfor alle barn i barnehagen. Dette stiller krav til personalet om merksemd og openheit overfor det unike hjå kvart enkelt barn og det unike i situasjonen og i gruppa. Barnehagen skal tilby barn eit miljø prega av glede, humor, kreativitet og omtanke for fellesskapet. Oppdragelse er en prosess der vaksne leiar og veileder neste generasjon. Gjennom oppdragelsen overføres verdier, normer, tanker og uttrykks- og handlingsmåter. Me skal vera tydelege vaksne med eit varmt hjarta.

LEIK OG LÆRING:

Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på alle områder. Det er derfor viktig at dei vaksne i barnehagen møter barn si undring med respekt. Dei skal vektleggja ein anerkjennande veremåte i forhold til barna si læring. Leik og læring går hand i hand. Barn lærer og erfarar gjennom leiken sin. Derfor skal leiken ha ein framtrødane plass i barnehagen. Det er viktig for barn å få venner og å få delta i leik. Dette er grunnleggjande for barns trivsel. Barnehagen legg til rette dagen slik at det blir mykje leik, også på tvers av alder og kjønn. Personalet skal være tilgjengelege for barn ved å støtta, inspirera og oppmuntra barna i deira leik. Barnehagen har eit aktivt personale som samtaler med barn om leik og forslag til lek. Personalet er med i leken der det er naturleg, og så lenge det er naturleg. Leikeaktiviteten kan vera planlagt på førehand med et mål om læring undervegs. Det kan også vera i grupper med spesielle tema, f.eks. språk, motorikk, tall etc. Me deler derfor barna inn i små grupper. Me har fokus på god inneleik og uteleik med ulike element som drama, rollelek, konstruksjonslek

og det som opptek barna i øyeblikket. I den frie leiken er det viktig at personalet har kunnskap om kva som føregår i leiken. Denne kunnskapen må personalet tilegna seg ved å kunna lesa kroppspråk, forstå leikekoder og vera tett på barna.

Hovudfokuset til alle barnehagar i Time kommune 2019/2020 er leik og læring. Det følgjer ein eigen kompetansehevingsplan frå Time kommune på dette området som Haugland gardsbarnehage vil følgja.

VENNSKAP OG FELLESSKAP:

Vennskap og tilrettelegging for gode relasjonar i barnehagen er ein føresetnad for god læring og oppleving av glede og meistring hjå barn. Tidlege erfaringar med jamaldringar har stor verknad for barns samspelsferdigheiter og det gjer barnehagen til ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap. Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandla positivt med andre i ulike situasjonar. Eit aktivt og tydeleg personale er nødvendig for å skapa eit varmt og inkluderande sosialt miljø. Anerkjennande og støttande relasjonar er eit grunnlag for utvikling av sosial kompetanse. Me bruker ulike pedagogiske materiale for å fremma sosial kompetanse.

DANNING:

Omgrepet danning kan vera vanskeleg å gje ein eksakt definisjon på. Det er viktig at personalet reflekterer rundt emnet jamleg. Ein definisjon kan vera: Forming av menneskets personlegheit, evner og anlegg, oppførsel og moralsk haldning gjennom oppdragelse, miljø og utdanning. Det er viktig med vanleg folkeskikk og derfor ynskjer me å ha fokus på å læra inn gode vanar som å seia takk for maten, vera høflege mot kvarandre og gode med dei som er rundt oss.

KOMMUNIKASJON OG SPRÅK:

Kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barns utvikling. Derfor er det viktig at barnehagen legg til rette for god språkstimulering i kvardagen. Personalet må derfor ha kunnskap om barn si språkutvikling munnleg, non-verbalt og tegnspråk dersom det vert nytta. Barnehagen skal nytta Bravo-leiken som materiale på småbarnsavdelinga.

LIVSMEISTRING OG HELSE:

Våre arbeidsmåtar er knytt til formelle og uformelle læringssituasjonar i vårt pedagogiske arbeid. Me er aktive i forhold til barna sine læringsprosessar. Personalet som rollemodell deler av sin kunnskap, engasjement og kreativitet. Læring og omsorg skal vera prega av kvalitet i samspel mellom barn og vaksen. Barnehagen arbeidar aktivt ut frå COS (Circle of security) sitt tankesett om trygg tilknytning som føresetnad for læring, trivsel, glede og vekst. Enkelt forklart kan me sei at dei vaksne i barnehagen er hendene på trygghetssirkelen. Me skal støtta barnet i si utforsking, gje hjelp og støtte, samt vere klar til å ta imot barnet når det trenger trøyst, omsorg og eit fang å sitte på.

Trygg tilknytning er viktig for barn si psykiske helse. Dette gjeld ikkje berre i ein oppstart og tilvenningsperiode, men det gjeld heile barnehagetida. Det er viktig at personalet i barnehagen ser barnets behov etterkvart som barnet vert eldre. Psykisk helse for barn, og menneske generelt, er viktig i eit læringsmiljø. Barn klarer ikkje ta til seg kunnskap og ferdigheiter som samspel, leik og læring om dei ikkje har god psykisk helse.



Me er ein Marte Meo-praktikar barnehage. Marte Meo-metoden brukar filming av samspel mellom barn og omsorgsgjevar som grunnlag for veiledning for å få til det viktige samspillet mellom barn og vaksne. Viktige element i samspelet vil vera:

Inntoning, sjå etter initiativ, bekrefte initiativet, benevna initiativet, setta ord på, forbereda, delt glede, turtaking, rytmen i dialogen, markere overgang, triangulering, positiv leiing. Me meiner at når vaksne arbeidar etter desse elementa, er dette med på å gje barn i barnehagen livsmeistring og god psykisk helse.

Eit anna helseaspekt er kosthald. Me skal gje barna eit variert og sunt kosthald, baseret på helsedirektoratet sine anbefalingar for bra mat i barnehagen. Me skal ut frå verdiane våre og satsingsfeltet vårt nytta oss mest mogleg av ureist og kortreist mat. Me skal ha eigen bærhage og grønnsakhage.

Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens eigenverdi. Leik og vennskap er fundamentalt. Alle handlingar og avgjersler som berører barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande hensyn. Barn skal møtas som individ, og barnehagen skal ha respekt for barnets opplevelsesverden. Barns liv vert påverka av omgjevningane, men barn påverkar også sine egne liv.

BARNES MEDVERKNAD:

Kvifor skal barn medverka? Jo, fordi alle sin stemme er viktig. Å medverka i barnehagen handlar om samhald, menneske, å verta høyrte og at det er demokrati.

Barnehagelova og rammeplanen er tydelege på barns rett til medverknad på barnehagens daglege verksemd. Synspunkta til barna skal vektleggjast i samsvar med barnets alder og modning. Med dette meiner me det at barnehagen skal ta omsyn til barns egne uttrykksmåtar. Personalet skal lytta og prøva å tolka barna sitt kroppsspråk og vera observante i forhold til deira handlingar, estetiske uttrykk og etter kvart også deira verbale språk. Å ta barns medverknad på alvor forutset også god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og føresette.

Barn lærer å ta egne val og dei må samarbeida med andre om kva slag aktivitetar dei skal gjere når me deler inn i smågrupper. Dei får påverka sin eigen kvardag i leik, samspel og kvardagsrutinar. Dei erfarer også at dei må ta ansvar for egne val som dei gjer. Personalet er med som veiledarar og igangsetjarar ut frå barna sin alder og modning. Barn skal ikkje overlata eit ansvar dei ikkje er rusta til å ta. Me set på denne måten føringar, men barna har medverknad og medråderett innanfor gitte føringar.

Auka mangfald og individualisering gjer behov for demokratiforståing, respekt for ulikheiter og positive haldningar til å leva saman i fellesskap. Gjennom å delta i barnehagens fellesskap skal barna få høve til å utvikla forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. Barn skal verta høyrte, få delta og ytra seg i barnehagen.

SATSINGSOMRÅDE OG OVERORDNA MÅL:

Barnehagen er ein gardsbarnehage, og med dette skal garden vera satsingsfelt. Me følgjer garden sitt årshjul med hausting, såing, siloslått, kalving, lemming etc. Me brukar ordet husmannspedagogikk når me skal forklara kva pedagogisk retning me heller til.

Husmannspedagogikk handlar om å vera stolt av plassen sin, ta godt vare på den og utnytte alle ressursar. Det handlar også om gjestfrihet og omsorg, om kjærleik til naturen, forståinga for årstidene og kretsløpet og respekt for samspelet mellom naturen og menneska.

Me har søkt om deltaking i to Erasmus+ prosjekt. Det eine prosjektet er kalla WOW, Wonders Of Waste, og handlar om bevisstgjering omkring søppel, gjenbruk og resirkulering. Det andre prosjektet heiter NAT, Nature As Teacher, og handlar om læra om naturen. Kva kan naturen gje oss, kvifor treng me naturen og korleis luft, jord, vatn og eld påverkar naturen. Begge prosjekta er knytt opp til berekraftig utvikling. Om ikkje prosjekta vert godkjente, vil me ta i bruk delar av ideane og gjennomføra dei i barnehagen.

KVALITETSPLAN FOR BARNEHAGANE I TIME KOMMUNE 2017-2022

Kvalitetsplanen er eit styringsverktøy for barnehagen som gjer ei tydeleg og definert retning mot eit felles mål. Planen beskriv 5 fem satsingsområde, med ein korttidsplan og ein langtidsplan gjeldane for Haugland gardsbarnehage.

	Korttidsplan 2019/2020	Langtidsplan 2020-2022
Leik og læring	<ul style="list-style-type: none"> * Setja av tid til den frie leiken i ulike fysiske miljø inne og ute * Aktive vaksne og leikbasert læring 	<ul style="list-style-type: none"> * Senda fleire pedagogar på COS-kurs * Utdanna fleire Marte Meo terapeutar
Språk og fleirkulturelt mangfald	<ul style="list-style-type: none"> * Bravoleiken for 1-3åringar * Bruka TRAS * Gje barna kunnskap om mangfald gjennom Erasmus+prosjektet 	<ul style="list-style-type: none"> * Skaffa tilleggs materialet til Bravo-leiken * Bruka Språkløyper
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> * Samarbeida tett med alle føresette * Delta i ressursteam 3 gonger i året * Invitera føresette til samtale 2 gonger i året * Gode overgangar mellom avdeling og mellom barnehage-skule 	<ul style="list-style-type: none"> * Nytilsette pedagogar på Kvellokurs * Senda fleire pedagogar på COS-kurs * Utdanna fleire Marte Meo terapeutar
Barnehagen i informasjonsamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> * Nettbasert kommunikasjon * Bruka teknologi for å læra om dei andre barnehagane i Erasmus+ 	<ul style="list-style-type: none"> * Oppgradera utstyret * Bruka digitale verktøy til leik og læring * Kurs for tilsette

	* Bruka TRAS elektronisk registrert for barn født 2017 og nye barn som ikkje har skjema frå før	
Leiing og samarbeid	* Vera ein lærande organisasjon	* Styrar skal gjennomføra styrarskulen * Vidareutdanning * Brukarundersøking

PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING:

Barnehagen skal vera ein lærande organisasjon som er prega av planar, refleksjon og vurdering. Som verktøy bruker me kvalitetskrysset og lærings sirkelen. Gjennom kunnskap om barns utvikling individuelt og i gruppe skal me ha fokus på handling. Me ser på utviklingsarbeid som ein kollektiv basert læringsprosess. Me skal arbeida med barnehagebasert kompetanseutvikling. Kvar veke har me ulike typar interne møte. Dette er avdelingsmøte, medarbeidarmøte, leiarmøte og open dag. Me organiserer dette på følgjande måte:


Kva møte:	Intervall:	Deltakarar:	Ansvar:
Personalmøte	8 g. pr. år	Assistentar, Fagarbeidar, Pedagogar, Styrar	Styrar/pedagogar
Medbestemmelsesmøte	2 g. pr. år	Tillitsvalgt og styrar	Styrar
Avdelingsmøte	3 g. pr. måned	Pedagogar, fagarbeidar, Assistentar	Pedagogar
Medarbeidarmøte/open dag	1 g. pr. måned	Assistentar, Fagarbeidar	Fagarbeidar/pedagog (styrar)
Leiarmøte	1 g. pr. måned	Styrar og pedagogar	Styrar
Pedagogmøte	1 g. pr. mnd	Pedagogar	Styrar/pedagog

På dei ulike møta skal eigen praksis vurderast og evaluerast. Det er viktig at me reflekterer rundt eigen praksis for å heile tida kunne gje barn og føresette det beste tilbodet. Me brukar kvalitetskrysset ved evaluering.

KVALITETSKRYSSET:

HVA ER BRA?	HVORFOR?
HVA KAN BLI BEDRE?	HVORDAN?

LÆRINGSSIRKELEN:




All læring er basert på læringssirkelen.

Me dokumenterer barna sin kvardag gjennom heimesida vår. Me skriv referat frå samtalar og møter. Me brukar veggplass til å henga opp dokumentasjon. Me brukar TRAS, Alle Med, Nya Sit til å dokumentera barnets utvikling. Me skal bruka Marte Meo-filming som grunnlag for refleksjon i gruppe, eller som verktøy for utvikling.

Kvar avdeling legg ut månadsskriv på heimesida. Dette skal sei noko om kva ein har arbeidd med, kva ein skal arbeida med og kva som er måla for komande periode.

Prosess for utarbeiding av årsplan:



ADMINISTRATIVT ÅRSHJUL

MÅNAD		ANSVAR
August	Oppstart / tilvenning Nytt personale Planleggingsdag 15. Samtaler nye foreldre Ferie for personalet	Styrer / ped.leiar Styrer Pedagogar
September	Oppdatering av ferielister/restferie Foreldremøte 9.	Styrer Styrar
Oktober	Møte samarbeid barnehage – skule	Rektor
November	Planleggingsdag 15. Sakkyndig tilråding Samarbeid barnehage – skole	Time kommune Styrer / PPT Rektor
Desember	Ferieavvikling Søknad enkeltvedtak	Styrer
Januar	Planleggingsdag 2. Evaluering/planarbeid Nytt budsjett Revisjon HMS	Styrer Styrer Styrer Verneombud/styrer
Februar	1. søknadsfrist permisjonar/reduerte stillingar Vedtak om enkeltvedtak/søknad om ekstra ressursar	Styrer
Mars	Opptak nye barn Foreldremøte 11.	Oppvekst/styrer Styrer/SU
April	Sommerferielister til barn og foreldre Ferieavvikling Hovedferielister Planleggingsdag 14.	Styrer Styrer Styrer/tillitsvalgte Styrer
Mai	Vernerunde og HMS arbeid Planleggingsdag 22.	Styrer /verneombud Styrer
Juni	Årsplan Årsmelding Sommarferieavvikling	Styrer Styrer / Personalet

PEDAGOGISK ÅRSHJUL

MÅNAD	KVA SKJER	ANSVAR
August	Oppstart nytt barnehageår 16.august Planleggingsdag 15. Tilvenning	Styrer
September	Oppstart prosjekt og satsingsområde	Personalet
Oktober	Forutprosjekt – avsluttes med frokost 24.	Personalet
November	Planleggingsdag 15.	Time kommune
Desember	11. Julemarked	Personalet
Januar	Planleggingsdag 2. Januar	Styrer
Februar	Samefolkets dag Karneval 18.	Pedagogiske leiarar Pedagogiske leiarar
Mars	Søknadsfrist til barnehageplass 1. Mars Foreldremøte 11.	Styrer Styrer/SU
April	Slektskaffi 2. Planleggingsdag 14.	Pedagogiske leiarar
Mai	17.mai Planleggingsdag 22.	Pedagogiske leiarar Styrer
Juni	Sommarbarnehage Sommaravslutning 9. Ferieplan	Pedagogiske leiarar Styrer Styrer / tillitsvalgte
Juli	Sommarbarnehage	

PROGRESJON:

Det er ulike måtar å forklare progresjon på. Ein måte kan vera å skride fram, ein annan kan vera utvikling. Det handlar om å starta på eit lågt nivå for så å koma seg til eit høgare nivå. Det betyr i praksis at ein får utfordringar på det nivået som ein er og at ein gradvis aukar nivået på utfordringa. Eit eksempel på progresjon for barn kan vera å kle seg sjølv. Barnet startar med å verta påkledd for så å klara dette heilt sjølv. Det er stor variasjon i alder og nivå, det er derfor viktig at progresjon ikkje vert målt ut frå alder, men ut frå nivå. Rammeplanen påpeikar at barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringar, interesse, kunnskap og ferdigheiter.

Me har valt å laga ein eigen progresjonsplan ut frå nivåtenking der me ser på utvikling som ei trapp. Det betyr at me har ikkje delt inn etter alder, men at me tenker steg for steg. Progresjonsplanen er ein plan til internt bruk.

FAGOMRÅDA:

Rammeplanen har 7 fagområde som barnehagen skal arbeide ut frå. Kvart fagområde dekker eit vidt læringsfelt, og fagområda vil sjeldan opptre åleine. I sosialt samspel, i leik og i kvardagsaktiviteter skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knytt til fagområda. Som eit overordna satsingsfelt har me garden som læringsarena. Her flettes alle fagområda inn.

Fagområda gjenspeglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremja trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samheng og alle fagområda skal vera ein gjennomgåande del av barnehagens innhald. Barnehagens verdigrunnlag og formål skal gje retning for og prega arbeid med fagområda, og barns rett til medverknad skal ivaretakast. Barnas leik dannar eit viktig grunnlag for arbeid med fagområda.

Kommunikasjon, språk, tekst

Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for utvikling av språk. Språket er personleg og identitetsdannande og nært knytt til kjensler. Personalet er viktige som språklege forbilde. Samtaler, høgtlesing og varierte aktivitetar vil vera viktige sider ved barnehagens innhald. Alle barn må få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen. Me har planlagde aktivitetar med fokus på språkutvikling ved å ta i bruk språkgrupper, førskulegrupper, samtaler ved matbordet, vitsar, språkleiker etc.

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagens innhald. Kommunikasjon skjer ved å senda og ta imot eit budskap. Innunder her gjeld også den non-verbale kommunikasjonen. Kommunikasjon er viktig for å utvikla eit godt munnleg språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og songar. Viktige sider ved kulturoverføringa er knytt til kommunikasjon, språk og tekst. Barnehagen vil bidra til at barna får vera i daglege dialogar. Barna skal møte bøker, songar, rim og regler i samlingsstunder, på turar og i temaarbeid. Gjennom leiken må barn kommunisere med andre barn, og i samtale med vaksne vil barn få vidareutvikla omgrepforståinga sin. Me samarbeider med biblioteket om lån av bøker og bokkasser. Barn skal også møte ulike språk, språkformer og dialektar munnleg og skriftleg som songar, rim, regler, eventyr etc.

Me er heldig og får besøk av Dorteia Haugland annankvar veke. «Dorteamlingar» har fleire funksjonar. Me vidarefører ein viktig kulturarv ved å læra barna gamle rim og regler frå Jæren. Me utvidar ordforrådet til barna ved å bruka ord som er i ferd med å døy ut frå det jærseke språket. Barna kjenner igjen og lærer fleire songar og regler/rim.

Kropp, bevegelse, mat og helse

I løpet av småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggjande motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ivareta helse og livskvalitet. Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Variert fysisk aktivitet både inne og ute er av stor betydning for utvikling av motoriske ferdigheiter og kroppskontroll .

I barnehagen skal barna være ute i lek minst ein gong i løpet av dagen. Uteområdet innbyr til fysisk aktivitet med sykklar, disser og sandkasse. I tillegg har me 100-meterskogen, 5 minuttsgange frå barnehagen. Begge stader vil innby til lek der kroppen må aktivt tas i bruk. Det er gode klatremoglegheiter på uteområdet og i 100-meter skogen. Alle grupper er på tur i nærmiljøet. Nærmiljøet definerast som hele garden og nærliggande turmål, for eksempel 100-meterskogen. I hagen til fam. Haugland har me god boltreplass med eigen jungel som utfordrar motorikken for store og små barn. Me bruker Jæren maxitaxi til å komme til forskjellige stader på Jæren. Me reiser til hallen på Hognestad med 3-,4-, og 5-åringane ein gong i veka. Her er det ulike aktivitetar tilpassa alle aldersgrupper.

Me har fokus på eit sunt og variert kosthald. Barna er med og dekker bord og lagar mat. Barn skal bli kjent med ulike frukter og grønnsaker, og dei skal lære om kvifor det er viktig å eta variert og sunn mat. Barna skal også få eit forhold til ureist, kortreist og langreist mat, kor maten kjem frå og korleis mat vert produsert der læra om frå jord til bord står sentralt. Barnehagen følgjer helsedirektoratet sine anbefalingar for mat i barnehage.

Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal bidra til at barn tek i bruk sin fantasi, kreative tenking og skaparglede. Barnehagen må gje barn moglegheit til å oppleva kunst og kultur og til sjølv å uttrykkje seg estetisk. Å vera saman om kulturelle opplevingar og å gjera eller skapa noko felles, bidreg til samhörighet. Fagområdet omhandlar uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Formidling av kunst og kultur bidreg til å skape tiltru med og tilhörighet til kulturelle uttrykksformer. Kvar desember har me julemarknad for alle familieane i barnehagen. Her er barna med i planlegging og laging av produkt til salsbodene. Det er prosessen som er det viktigaste. Korleis produktet ser ut, eller kva produkt som kjem ut av prosessen kjem i andre rekke.

Natur, miljø og teknologi

Fagområdet skal bidra til at barn blir kjent med og får kunnskap om planter og dyr, landskap, årstider og vêr. Det er eit mål at barn skal få ein begynnande forståing av betydninga av ein berekraftig utvikling. I dette inngår kjærleik til naturen, forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen. Det er viktig å formidle artskunnskap. Viktig kunnskap kan gå tapt om me ikkje er bevisste dette.

Me er ute på tur året rundt i allslags vêr og årstider. Dette gjer barna trygge ute i naturen og dei lærer om dei ulike årstidene. Me besøker dyra på garden og knyter kjennskap og kunnskap til korleis me bruker dyra i kvardagen vår. Me bruker hele garden for å få ei forståing av kva som skjer på ein gard i dei ulike årstidene som for eksempel vårvinna og skurtrøskjing. Me resirkulerer og barna er med på å tømme søppel, og dei erfarer at søppelet går i ulike dunkar. Me har eigen grønnsakhage der me dyrkar ulike ting som me har nytte av i løpet av barnehageåret. Barna får kjennskap til ulike teknologiske verktøy.

Mengd, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing. Barn utforskar rom og form. Barnehagen skal bidra til at barn opplever glede over å utforska og leike med tal og former. Barnehagen har eit

ansvar for å oppmuntra barna sin eigen utforsking og leggja til rette for tidleg og god stimulering.

Me brukar matematikk dagleg både ute og inne. Barna skal møta omgrep som tyngst – lettast, stor – størst, lang – lengst, sirkel, trekant og firkant. Me bruker eventyr med fokus på gjentaking og matematiske omgrep, samt konkretar for å visualisera for barna.

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måter å oppfatte verden og mennesker på og pregar verdiar og haldningar. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer. Den etiske veiledninga barnehagen gjer barn, må ta hensyn til barnets føresetnader og den enkelte heim sin kulturelle og religiøse eller verdimessege tilknytning.

Sosial kompetanse er viktig å jobbe med i alle grupper, barna lærer rett og galt i samvær med andre. Me snakkar om kjensler og stiller undrande spørsmål til kvardagsrefleksjonar.

Gjennom eit år i barnehagen vil barna møte dei kristne høgtidene. Jul og påske blir markert i barnehagen. Gjennom barnehagens verdigrunnlag og grunnsyn håper me å formidla samfunnets grunnleggjande normer og verdier. Er det andre livssyn i barnehagen, blir høgtidene markert i samarbeid med familien.

Nærmiljø og samfunn

Fagområdet skal legge vekt på å styrke kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett. Barn skal medvirke i å utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Barns ulike erfaringar frå heim, omgangskrets og reiser vil kunne gje kunnskap om ulike samfunn. Barnehagen er på tur i nærmiljøet. Barnehagen tek del i kulturelle arrangement som blir arrangert i kommunen. Barnehagen deltek i Forut barneaksjon. Erasmus+-prosjektet lærer oss om Europa, likheiter og ulikheiter.

Barnehagen skal vera open for impulsar frå den lokale, regionale, nasjonale og globale verden. Barna skal verta kjent med at samane er Norges urbefolkning, og få kjennskap til samisk kultur. Barnehagen skal bidra til kunnskap om tradisjonar, levesett, familieformer og nasjonale minoritetar.

SAMARBEID MED FORELDRE:

Foreldra sin medverknad skal sikrast gjennom eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet er alle foreldra i barnehagen. Foreldrerådet skal fremme foreldra sine felles interesse og bidra til at samarbeid mellom barnehage og foreldregruppa skaper eit godt miljø. Samarbeidsutvalet (su) skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. I samarbeidsutvalet er det 2 foreldre og 2 tilsette som er representert. SU skal godkjenna barnehagen sin årsplan, bidra med uttale i saker som er av stor betydning for barnehagen, planleggje foreldremøte på våren og vera foreldra sin talsperson til eiger og dagleg leiar.

OPPSTART:

Oppstart i barnehagen er ei viktig hending i eit barns liv. Det er viktig for barnehagen at dette skjer på ein god måte og at me får til eit godt samarbeid med heimen. Me startar opp med korte dagar saman med barn og føresette i barnehagen. Barna startar i grupper med andre nye barn og føresette. Me ynskjer at føresette er med kvar dag den fyrste veka. I løpet av den veka har me ein startsamtale med føresette. Dette er ein del av Time kommune si satsing på tidleg innsats. Etter den første veka i barnehagen vurderer pedagog og føresette om det er behov for meir tid til tilvenning. Barnehagen har eigen oppstartsplan.

MEDVERKNAD OG TREFFPUNKT:

Barnehagen prøver å møte barn og foreldre i garderoben kvar morgon. Dette er for å få ein god start på dagen, samt å få overlevera viktig informasjon. Me prøver også å følgja inn i garderoben ved henting. Barnehagen strekk seg langt for å få dette til, fordi me meiner at dette gjer trygge barn og trygge foreldre. I garderoben har foreldra også moglegheit til å medverka på barnehagen sin daglege verksemd ved å koma med forslag til endring eller idear til opplegg i barnehagen.

Me har foreldresamtalar 2 gonger i året, og ved eventuelle behov utover det. På foreldresamtalane har foreldra moglegheit til å vera med å påverke innhaldet i barnehagen og komme med forslag til eventuelle endringar. Denne måten for medverknad verdset me høgt.

Me har 2 foreldremøte i året, eit rett etter oppstart av nytt barnehageår og eit i mars. Me følgjer Time kommune sin plan for brukarundersøking.

Me har Forut-frukost rundt den 24.oktober kvar haust. Her et barn og foreldre frukost saman med personalet i barnehagen. Me har loddsal og sal av nips. I midten av desember inviterer me til julemarknad for hele storfamilien. Det er sal av mat, bakevarer, barnas produkt, mm. Til påske inviterer me slekta på kokte egg og kaffimat og til sommaren har me sommarfest ute i barnehagen for foreldre og sysken.

OVERGANGAR:

Det er ulike overgangar innad i barnehagen. Den største endringa innad i barnehagen er å gå frå småbarnsavdeling til stor avdeling. Me har som mål at det alltid er ein vaksen som er med frå småbarn til stor avdeling, slik at det skal opplevast som trygt å koma på ein ny plass. Dei vaksne har eit spesielt ansvar i uteleiken for å verta kjente med alle barn i barnehagen. Barn som skal frå liten avdeling til stor avdeling brukar sommaren til å verta kjent i nye lokalar.

Når barnehagetida nærmar seg slutten, startar eit nytt kapittel med skulegang. Time kommune har utarbeidd ein eigen overgangsplan for dette arbeidet. Denne planen følger me. Det er skilnad frå skule til skule korleis planen vert tolka, derfor er me i direkte dialog med skulen barnet skal byrja på. Me har også barn frå andre kommunar, her følger me desse kommunane sine overgangsplanar. Felles for alle kommunar er at det er besøksdagar for skulestartarane. Dersom skulen ynskjer at barnehagen skal følgja på besøk, legg me til rette for å få dette til. Besøk på skulen skal prioriterast. Overgangen skal skje i nært samarbeid med barnet sin heim. I den siste foreldresamtalen før skulestart blir pedagogisk leiar og foreldre einige om den informasjonen som skal overleverast til skulen.

SAMARBEID MED ANDRE:

Ressursteam: 3 gonger i året er det ressursteam. Då møtes føresette, barnehage, barnevern, PPT og helsestasjon og samtaler om ein gitt problemstilling. Det er på dei føresette sitt initiativ. Dersom ingen føresette melder inn saker, møter barnehagen med ei sak på systemnivå.

PPT: Kjem ein gong i månaden på besøksdag. Då er det opp til barnehagen å nytta seg av tilbodet.

Andre barnehagar: Me samarbeider mykje med dei andre barnehagane i Time kommune. Det kan vera prosjekt som me har saman, kompetanseheving eller me samarbeider om felles barnehage i feriane.

Hognestad skule: Me brukar hallen på Hognestad skule ein gong i veka. Hognestad skule nyttar også vårt turområde på sine turdagar. Av og til avtalar me felles møtestad ute i skogen og har utedag saman.

Oppvekst Time kommune: Kommunen inviterar private barnehagar til felles kompetanseheving, dialogar, tilrettelegging og dei er eit rådgjevande organ. Barnehagen deltek på styrarsamlingar for kommunale og private barnehagar, i nettverk og på ulike aktivitetar kommunen inviterar til.

TEIEPLIKT OG MELDEPLIKT:

Alle som arbeidar i Haugland gardsbarnehage skal vera kjent med det ansvaret det er å ha ansvar for barn. Dette inneber også at dei får informasjon om barn, familiar og deira kvardag. Personalet har også plikt til å melde frå om kritikkverdige forhold og om dei er bekymra for barnet.

Ved tilsetjing skal alle nyttilsette få ein gjennomgang av styrar om kva teieplikt og meldeplikt inneber. Det skal skrivast under på ei erklæring om at ein har forstått kva dette er. Ein kan ikkje arbeida i barnehagen om dette ikkje er på plass. Temaet vert jamleg teke opp i HMS-arbeidet på personalmøta.



Planen er godkjent i SU 19.juli 2019